

23.11.2010

**Lekkasjen er funne og reparert**

I dag hadde vassverket lukka med seg i lekkasjesøkinga på Korsnes.  
Lekkasjen vart funne, men på ein annan stad enn dei opprinnlege trudde.

Han var omtrent 50 meter frå denne staden.  
Lekkasjen var like ved huset til Konstanse Tveit  
og avslørte seg sjølv i form av vatn som pipla opp.

Lekkasjen er no reparert, men leiinga i vassverket  
er førebels usikker på kor stor han har  
vore og kor stor del av vatnet på nettet han har representert.

Det veit dei først når  
målingar er skjedd og dei vil bli gjennomført  
i helga når Hjønnnevåg ikkje er i produksjon.  
Det er den klårt største vassforbrukaren i Uskedalen.

Leiinga er imidlertid sikker på at det også  
er fleire lekkasjar og jakta held fram.

Av Ola Matti Mathisen